



Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/188 - 22/91891

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
01.12.2022

Søknad om dispensasjon og arealoverføring til uttale - gbnr 349/14 lo

Tiltak: Arealoverføring og dispensasjon
Byggjestad: Gbnr 349/14
Tiltakshavar: Jostein Ådlandsvik

Saka gjeld søknad om arealoverføring av om lag 600 m² frå gbnr 349/14 til fritidseigedomen gbnr 349/51.

Gbnr 349/14 er registrert med eit areal på 20,5 da i matrikkelen. Gbnr 349/51 med 4729,2 m². Søknaden er nabovarsla i tråd med plan- og bygningslova § 21-3. Det ligg ikkje føre nabomerknader.

Aktuelt areal er klassifisert som lauvskog og bygd areal i NIBIO sitt markslagskart.

Det var i søknad om arealoverføring ikkje søkt om dispensasjon. Dette vart etterspurt i mangelbrev datert 24.01.2022. Søknad om dispensasjon vart motteken 07.02.2022. Søkjar hadde oppgjeve feil bruksnummer i søknaden. Dette førte til at det vart oppretta ny sak i saksystemet til kommunen. Dette forklarar at det er gått lang tid frå motteken søknad til no.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område. Arealet er sett av til LNF- spreidd bustad formål i kommunedelplan (KDP) for Meland. Området inngår i omsynsone H570_4 lo. Bevaring av kulturmiljø.


Arealet ligg utanfor byggje- og delgrense mot sjø sett i KDP.

VURDERING

Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen i KDP for arealoverføring.

I punkt 1.6.14 i KDP er det sett krav om at tomt til fritidsbustad ikkje skal vera større enn 1,5 dekar. Gbnr er registrert med eit areal på 4729,2 m² før omsøkte arealoverføring.



Frå situasjonskartet




Frå Gardskart



Oversiktskart. Blå strek syner omsøkt areal.



Ortofoto 2020



Kommunedelplan for Meland

Søklar sin argumentasjon for at det skal gjevast dispensasjon:

DISPENSASJON

Begrunnelse for dispensasjonssøknaden: (bruk gjerne eget ark i tillegg om du trenger mer plass)

Ønsker at 349/114 skal få parkere på egen eiendom + at de har egen vei til hytta
I tillegg så ønsker jeg å justere grenser slik at dette blir mere logisk og å utnytte dette bedre i forhold til veg a nær omrøde grenser

Sjå vedlagt dispensasjonssøknad datert 31.01.2022.

Jordlov

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådelling må vera handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova. Søknaden vert likevel sendt på høyring til regionale mynde.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart

Søknad om arealoverføring - gbnr 349/14 lo

Søknad om dispensasjon - justering av grenser til parkering - gbnr 349/114 lo

Kopi til:

Jostein Ådlandsvik	GRØNHAUGVEGEN 44	5917	ROSSLAND
--------------------	------------------	------	----------

Mottakarar:

Landbruk	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen